



Aurland, 05.02.2020

Vår ref.  
-

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Jon Olav Stedje,

Arkiv

## **Høyring - Forskrift om innkrevjing av farvassavgift 2020 - Aurland Kommune**

På vegne av Aurland kommune sender med dette Aurland hamnevesen KF utkast til forskrift om farvassavgift for Aurland kommune sitt sjøområde for 2020 på høyring.

Farvassavgifta skal dekke kommunen sine kostnader forbunde med utføring av oppgåvene nemnt i havne- og farvannsloven § 36 andre ledd.

Høyringsfristen vert sett til torsdag 15 mars.

Innspel til høyringa kan sendast til :

Aurland hamnevesen KF  
Vangen 1  
5745 Aurland  
Eller per e-post til [post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no)

Med helsing

Jon Olav Stedje  
assisterande hamnesjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### **Vedlegg:**

05.02.2020	Vedlegg 1. -Forskrift om innkrevjing av farvassavgift 2020 for Aurland Kommune
05.02.2020	Vedlegg 2. -Høyring - Forskrift om farvassavgift
05.02.2020	Vedlegg 3. -Avgiftsgrunnlag - samla og per utgiftsart
05.02.2020	Vedlegg 4. -Kalkyle for berekning av farvassavgift

## **FORSKRIFT OM INNKREVJING FARVASSAVGIFT 2020 FOR AURLAND KOMMUNE**

Vedteke av kommunestyret xx.xx.xxxx:

**IKRAFTSETJINGSDATO:** Når forskrifta er vedteke av kommunestyret

**GJELD FOR:** Aurland kommune sitt sjøområde

**HEIMEL:** LOV-2019-06-21-70, § 36

Forskrifta er fasett av Aurland kommune i K-sak ..... og har heimel i lov av LOV-2019-06-21-70 om hamner og farvatn (hamne- og farvassloven) § 36

### **1. FORMÅL**

Farvassavgifta skal dekke kommunen sine kostnader forbunde med utføring av oppgåvene nemnt i hamne- og farvassloven § 36 andre ledd.

### **2. VERKEOMRÅDE MM.**

2.1 Forskrifta gjeld alle fartøy som gjer anløp til offentleg eller privat hamn og anlegg for drift av akvakulturanlegg i sjøområdet til Aurland kommune, jf. hamne- og farvassloven §36 første ledd. Fartøy og hamn er definert i hamne- og farvassloven § 3, bokstav b) og d).

2.2 Aurland Hamnevesen KF kan krevje inn farvassavgift og elles stå for handheving av forskrifta på vegne av Aurland kommune

2.3 Unnateke frå plikt til å betale farvassavgift er:

- a) Fartøy med største lengde under 15 meter (ikkje målepliktige fartøy)
- b) isbrytarfartøy i forbindelse ivaretaking av ansvaret for framkomme i hamne- og farvassloven § 6
- c) Norske og utanlandske orlogsfartøy
- d) Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet.
- e) Fartøy som søker hamn på grunn av skade eller naudstilstand, så lenge fartøyet ikkje lastar, lossar eller tek om bord passasjerar
- f) Fartøy som tilhøyrar politi, brannvesen og Redningsselskapet
- g) Andre fartøy som har oppdrag for Aurland hamnevesen KF eller Aurland kommune innan kommunen sitt sjøområde. Fritaket gjeld berre anløp i samband med offentlege oppgåver.

### **3. BEREKNINGSGRUNNLAG**

3.1 Farvassavgift vert rekna ut etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT), slik det vert rekna ut etter den internasjonale konvensjonen av 23. juni 1969 om måling av fartøy. For fartøy som ikkje har gyldig målebrev, eller ikkje kan legge dette fram ei veke etter førespurt vert bruttotonnasje fastsett av Aurland kommune etter skjønn, til dømes basert på tilsvarande fartøy.

3.2 Farvassavgift vert berre ilagt ein gong per døgn per skip, sjølv om eit skip gjer fleire anløp innan same døgn. Eit døgn vert rekna som tida frå midnatt til midnatt innan same dato.

3.3 Fartøy som har fast kai- eller liggeplass i kommunen sitt sjøområde vert ilagt ei fast farvassavgift per månad etter avtale.

3.4 Fartøy som ikkje sender tilkomstmelding vert ilagt dobbel farvassavgift

### **4. FARVASSAVGIFT**

4.1 Med unntak av dei nemnt i punkt 2.3 skal alle fartøy betale farvassavgift etter følgjande sats per døgn:

Bruttotonn Intervall Sats pr. tonn. Kr. 0,02

Minsteavgift er kr 200,- per anløp.

Sjøfly betalar kr 200,- per landing.

## **5. OPPLYSNINGSPLIKT**

5.1 Fartøy som gjer anløp i hamn i sjøområdet pliktar å gje Aurland hamnevesen KF naudsynte opplysningar for utrekning og innkrevjing av farvassavgift, inkludert målebrev og fakturaadresse til reiarlag og eventuell agent.

## **6. ANSVARFORHOLD**

6.1 Eigar, reiar og agent svarar solidarisk for krav på farvassavgift, jf. hamne- og farvassloven § 40 fyrste ledd. Eigar og reiar er definert i hamne- og farvassloven § 3 bokstav a) og i). Skuldig farvassavgift er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. hamne- og farvassloven § 41 fyrste ledd. Ved forseinka betaling av farvassavgift svarar ein forseinkingsrente, jf. hamne- og farvassloven §41 tredje ledd.

6.2 Krav Aurland kommune har mot reiar er sikra med panterett i skipet etter reglar om sjøpanterett i hamne og farvasslova § 41.

6.3 Det er klagerett for einskildvedtak fatta av Aurland kommune, jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd, bokstav b). Kystverkets hovudkontor er klageinstans, jf. forskrift [enno ikkje fastsett] og delegasjonsvedtak [enno ikkje vedteke].

Kontaktinformasjon:

**Aurland Hamnevesen KF**

Besøksadresse: A-feltvegen 27, 5743 Flåm

E-post: [post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no)

[www.aurlandhamn.no](http://www.aurlandhamn.no)

Til: Høyringsinstansane iflg. vedlagt adresseliste

Frå: Aurland hamnevesen KF

## **HØYRING OM FARVASSAVGIFT FOR AURLAND KOMMUNE SITT SJØMRÅDE FOR 2020**

### **1. Generelt om forskriftsframlegget og høyringa – Vedlegg 2**

På vegner av Aurland kommune sender med dette Aurland hamnevesen KF («AUHA») på høyring utkast til forskrift om farvassavgift for Aurland kommune sitt sjømråde for 2020.

#### **Vedlegg 1:** Framlegg til forskrift om farvassavgift for Aurland kommune for 2020

Fyrste januar 2020 vert ny havne- og farvannslov (heretter «ny hamnelov») sett i kraft. Ny hamnelov erstattar den tidlegare *anløpsavgifta* med ei ny avgift som har fått nemninga *farvassavgift*. Ny hamnelov § 36 gjev kommunane heimel til å krevje inn farvassavgift til dekning av visse spesifiserte kostnader. Paragraf 36 andre ledd listar opp oppgåvene/kostnadane kommunar kan dekkje gjennom farvassavgift. Etter § 36 fyrste ledd må avgiftsplikta gå fram av ei forskrift fastsett av kommunen. Med dette sender Aurland kommune på høyring ei slik forskrift.

Til liks med anløpsavgifta skal farvassavgifta vere kostnadsorientert og ikkje gje økonomisk overskot. Nivået på avgifta skal bereknast ut i frå forventa direkte og indirekte kostnader forbunde med oppgåvene ny hamnelov § 36 seier kan dekkast gjennom farvassavgift. Under- eller overskot frå tidlegare år vert ført vidare til framtidige år. Eventuelle overskot skal plasserast i bunde fond som ikkje kan nyttast til andre formål enn oppgåvene § 36 listar opp. Kystverket har gjort framlegg om overgangsreglar som inneber at det under- eller overskot ei kommune måtte ha på sjølvkostfondet ved ikraftsetjinga av ny hamnelov, vert framført til det nye farvassavgiftsregimet. Ved utgangen av 2019 vil AUHA ha eit underskot på sitt sjølvkostfond. Dette underskotet vil i noko grad påverke nivået på farvassavgiftssatsane for 2020.

Samanlikna med anløpsavgifta etter gjeldande hamnelov, inneber farvassavgifta etter ny hamnelov § 36 visse endringar i kva oppgåver/kostnader kommunane kan inkludere i avgiftsgrunnlaget. AUHA sitt konkrete kostnadsbilete er likevel slik at lovendringa berre vil få mindre praktiske konsekvensar for kva kostnader som kan inkluderast i avgiftsgrunnlaget. Særleg vil det gjelde for 2020, sidan Kystverket har gjort framlegg om overgangsreglar som mellom anna inneber at Aurland kommune si forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn, kan vidareførast ut 2020. Handhevinga av denne vil dermed framleis vere ei oppgåve som kan dekkjast gjennom farvassavgift.

Det praktiske utslaget av det er at den relative/prosentvise delen av respektive felleskostnader som kan dekkast ved farvassavgift vert litt redusert for kvar kostnadsart som har relevans for oppsynsoppgåvene som vert tekne ut av avgiftsgrunnlaget. Til dømes slik at den prosentvise delen av kostnader til personellressursar vert litt redusert samanlikna med tidlegare. Tilsvarende vil som nemnt gjelde også alle andre kostnadsarter som har relevans for oppsynsoppgåvene som vert tekne ut av avgiftsgrunnlaget.

Nedanfor identifiserer og grunngjev vi oppgåvene/kostnadane som vert føreslått inkludert i avgiftsgrunnlaget. Her finn ein mellom anna om kor stor del av ulike utgiftspostar som kommunen meiner knyt seg til slike kostnader som ny hamnelov § 36 syner til.

Vi presiserer for ordens skuld at kostnader som vert dekt ved farvassavgift etter ny hamnelov § 36, ikkje samstundes vert dekt inn gjennom vederlag. I tråd med det også ny hamnelov legg opp til, skil Aurland Hamnevesen KF mellom kostnader og inntekter knytt til forvaltningsoppgåvene § 36 listar opp, og kostnader og inntekter knytt til den «forretningsdrifta» som sal av hamnetenester mm. inneber. Kostnader forbunde med «forretningsdriftsdelen» vert dekt av vederlaga kjøparane av hamnetenester betalar.

Lagt ved finn de også eit oversyn over forventna kostnader som kan dekkast ved farvassavgift etter ny hamnelov § 36. Kor stor del av dei ulike utgiftsarter ein meiner kan dekkjast gjennom farvassavgift, går òg fram av dokumentet.

**Vedlegg 3: Avgiftsgrunnlag – samla og per utgiftsart** Avgiftsgrunnlaget for farvassavgifta for 2020 er eit estimat basert på rekneskapstal per desember 2019 og budsjett for 2020. Ein vel å legge fram dette dokument slik at vi synleggjer kva utgifter vi legg til grunn for berekning av farvassavgifta.

**Vedlegg 4: Kalkyle for berekning av avgift** Kalkylen bereknar avgiftssatsar for 2020. Kalkylen er basert på estimerte relevante kostnader for 2020. I tillegg tek kalkylen høgde for at det gjennom farvassavgifta for 2020 tek sikte på å dekke deler av det underskotet ein har på sjølvkostfondet ved utgangen av 2019. Vi meiner det styrkar tilliten til vårt farvassavgiftsregime at vi legg ved ei slik kalkyle, noko som vi uansett må ha. Avgiftsatsen er fast pr. BT med ein minstetakst på 10 000 BT. Lokalbåtar har faste avtalar. I tillegg har det vorte gitt miljørabatt på bakgrunn av skipet sin ESI score. Sia farvassavgifta utgjer ein liten del av inntektene, føresler ein at denne vert teken bort. Det er innført ein tilsvarende miljørabatt på skip som går til kai, EPI som fangar opp dei aller fleste skipa.

Kalkylen er basert på avgiftsgrunnlaget og ei forventning om kor mykje bruttotonnasje som vil gjere hamneanløp i 2020. Med dette grunnlaget kjem ein fram til avgiftssatsane som ein kan vurder å vedta. Farvassavgiftsatsar for 2020 som balanserer utgifter og inntekter er oppgjevne i kalkylen ( vedlegg 3 ) og i framlegget til forskrift ( vedlegg 1 ).

## **2. Nærare om oppgåver/kostnader inkludert i avgiftsgrunnlaget**

**Kostnader relatert til personellressursar og desse si utøving av tenesta.**

### **Faste stillingar**

Ein finn at 15% av kostnadane som relaterer seg til dei 2 faste stillingsheimlane vert nytta til utøving av offentleg mynde etter ny hamnelov, jf. ny hamnelov § 36 andre ledd bokstav b), naudsynte tryggleiks- og framkomstrelaterte oppgåver, jf. ny hamnelov § 36 andre ledd bokstav a) og Prop 86 L (2018-2019) side 59, 60 og 98, og personalressursar til oppsyn med og vedlikehald av innretningar omfatta av ny hamnelov § 36 andre ledd bokstav c).

Ovannemnde inkluderer fylgjande oppgåver:

- Handheving av fartsgrenseforskrift og forskrift om orden i hamner og farvatn. Sistnemnde gjeld heile kommunen sitt sjøområde, som omfattar Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden.
- Fjerning av gjenstandar i farvatnet som er til hinder for sjøtransport i kommunen sitt sjøområde.

- Oppfylging av, inkludert eventuelt vedlikehaldsarbeid, med innretningar omfatta av ny § 36 andre ledd bokstav c).
- Assistanse til Kystverket i samband med sistnemnde si ankerplanregulering og ankertilvising i Aurland, Flåm og Gudvangen hamn, inkludert utarbeiding av framlegg til slik plan mm. Overgangen til ny hamnelov inneber ikkje nokon faktiske eller rettslege endringar relatert til AUHA sitt høve til å inkludere desse oppgåvene/kostnadane i farvassavgifta.
- Oppfylging relevante deler av driftsavtalar med private (sjå under for informasjon om innhaldet i driftsavtalane)
- Relevant budsjettarbeid og rekneskapskontroll (berekningsgrunnlag for farvassavgift, etterkalkulasjon), inkludert kontakt med økonomikontor, kommuneadvokat og kommunerevisjon relatert til dette.
- Statistikk- og rapportering som AUHA er pålagt i medhald av ny hamnelov § 39, jf. § 53 fyrste ledd. Sistnemnde føresegn seier at forskrifter etter gjeldande/tidlegare hamnelov gjeld også etter at ny hamnelov er sett i kraft.
- Opplæring og oppfylging av deltidstilsette med tanke på § 36 andre ledd-oppgåvene dei er involverte i.

Ovannemnde oppgåver omfattar fylgjande kostnadsarter:

- Lønn inkludert sosiale utgifter
- Reiseutgifter/kost/losji

Begge aktuelle stillingsheimlar er delte i den forstand at ingen berre utfører oppgåver som kan dekkjast gjennom farvassavgift. Begge utfører også andre oppgåver. I tråd med krava etter relevant lovgiving vert det gjort ei skjønsmessig fordeling av kor stor del av desse lønskostnadene som knyt seg til oppgåver som vert dekt gjennom farvassavgift, jf. høringsnotat (særleg side 17) med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt framlegg til forskrift til nærare gjennomføring av ny kommunelov § 15-1 om sjølvkost.

Oppgåvene skildra ovanfor vert utført av hamnesjef (overordna ansvar) og assisterande hamnesjef. Prosentsatsen er basert på ei totalvurdering av hamnesjef og ass. hamnesjef sine oppgåver. Hamnesjef har fleire administrative oppgåver enn ass. hamnesjef knytt til utøving av offentleg mynde etter ny hamnelov, medan ass. hamnesjef har noko fleire utøvande praktiske oppgåver.

### **Ekstrahjelp og deltidstilsette**

15 %: Det vert lagt til grunn at 15 % av lønskostnadane til deltidstilsette knyt seg til oppgåver som kan dekkjast gjennom farvassavgift. Konkret vil det seie dagleg oppfylging av kommunen sine forskrifter om farvassavgift, orden og fart og eventuell fjerning av gjenstandar i det kommunale sjøområdet. Dette gjeld to personar.

### **Klesgodtgjersle**

15 %: Innkjøp kle til tilsette, verneutstyr og driftsmateriell som er til felles bruk. Alt dette vert brukt til utføring av ovannemnde § 36 andre ledd-oppgåver.

### **Alminnelege kontorutgifter – Vedlikehald inventar og kontorutstyr - Rekvisita**

15% : Kontorutgifter til hamnesjef og ass. hamnesjef sine kontor i Flåm og Gudvangen. Denne prosentsatsen er logisk sett samanheng med prosentsatsen som vert nytta for personalressursane.

### **EDB-utstyr**

15% : EDB-utstyr til hamnesjef og ass. hamnesjef sine kontor i Flåm og Gudvangen mellom anna nytta til overvaking av sjøområdet.

### **Forsikring**

15% : Forsikring av bygning innehaldande kontor i Flåm og andel av seksjonert kontor i fellesbygg Gudvangen. Det vert lagt til grunn same prosentsats som lønskostnader.

### **Telefontenester**

15% : Det vert lagt til grunn at telefonutgiftene til hamnesjef og ass. hamnesjef kan dekkast etter same prosentsats som personalkostnadane.

### **Breiband/ datakommunikasjon.**

15 % : Informasjon på websider om ankerplan, fartsforskrift, farvassavgiftsforskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn. Oppdatering av informasjon i og bruk av SafeSeaNet og PortWin.

15% : Utgifter knytt til å utarbeide priskalkulator på internett, som også gjev informasjon om farvassavgift.

### **El kraft**

15 % Straum til kontor i Flåm og Gudvangen.

### **Kontingent/fellesutgifter**

10 % : Medlemskontingent i interesseorganisasjon for kommunale hamner, noko som er ei kjelde for informasjon og rådgjeving relatert til § 36 andre ledd-oppgåvene, inkludert informasjon av juridisk karakter. Pålagde kommunale avgifter

### **Inventar og utstyr - Alminnelege kontorutstyr**

15% Inventar kontor hamnesjef og ass. hamnesjef og andre bygningar disponerte av AUHA, jf. prosentsats brukt til personalressursar.

### **Vedlikehold av offentlige anlegg**

Gjeld eventuelle investeringar i og vedlikehald av innretningar som går under ny hamnelov § 36 andre ledd bokstav c). Konkret gjeld det fartsgrenseskilt kommunen har sett opp og eig, pluss lys på ankringsbøye og fortøyingsbøye i Flåm. Desse lysa er sett opp av omsyn til tryggleik og framkome.

Investeringar i og vedlikehald av kaianlegg, fortøyingsinfrastruktur i sjø og på land, og all annan infrastruktur på landsida vert dekt gjennom vederlag.

### **Konsulenttenester og juridisk bistand**

Mellom anna årleg juridisk kvalitetssikring av forskrift om farvassavgift og tilhøyrande avgiftsgrunnlag, inkludert høyringsdokument mm. Problemstillingar relatert til handheving av desse forskriftene. Andre vurderingar relatert til § 36 andre ledd-oppgåvene.

### **Hamnebåt**

50 %: Procentsatsen relaterer seg til kostnader til vedlikehald og drift av eigen hamnebåt brukt til vedlikehald offentlege anlegg og rydding i sjøområdet.

### **Oljevernutstur**

100 %: Relaterer seg til kapitalkostnader til eigen bilhengar innehaldande oljelenser og utstyr til bruk for å redusera ureining av sjøområdet.

### **Bil**

15%: Procentsatsen relaterer seg til kostnader med hamnevesenet sin bil til arbeidskøyning. Nyttar same fordelingsnøkkel som lønsutgifter.

### **Rekneskap/revisjon**

25%: Innleige av rekneskapsføring, lønn, fakturahandsaming, kvartalsoversikt rekneskap, årsrekneskap og budsjettbistand. Utgifter i samband med note 7 ( sjølvkost ) i årsrekneskapen om farvassavgift.

### **Kalkulatoriske avskrivningar**

Gjeld investeringar føreteke før 1. januar 2020 finansiert med anløpsavgift som kan vidareførast med avskrivningar og renter på slike. Dette er fastsett i [§ 6](#) i forskrift om overgangsregler.

## **3. Høyringsfrist mm.**

Høyringsfristen vert sett til 15. mars 2020, som er etter at nasjonale forskrifter er fastsett, noko som er varsla å skulle skje i januar 2020.

Innspeil til høyringa kan sendast til: Aurland hamnevesen KF, Vangen 1, 5745 Aurland. Alternativt per e-post til [post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no). I tillegg til at høyringsinstansane mottek dette per brev, vert også høyringa offentleggjort på nettsidene til Aurland kommune og Aurland hamnevesen KF.

Aurland hamnevesen KF,  
05.02.2020

Venleg helsing

Jon Olav Stedje  
konstituert hamnesjef



### Vedlegg 3: Avgiftsgrunnlag – samla og per utgiftsart

Utgifter farvassavgift	Del farvass- avgift	Budsjett 2020	Farvassavgift
Lønsutgifter faste stillingar	15 %	1495000	224250
Ekstrahjelp og deltidstilsette	15 %	355000	53250
Klesgodgjersle	15 %	60000	9000
Reiseutgifter	15 %	125000	18750
Inventar og utstyr	15 %	50000	7500
Alminnelege kontorutgifter	15 %	25000	3750
EDB-utstyr	15 %	150000	22500
Forsikring	15 %	20000	3000
Telefontutgifter	15 %	25000	3750
Breiband/datakommunikasjon	15 %	75000	11250
Rekvisita	15 %	40000	6000
EI-kraft bygg	15 %	80000	12000
Kontingent/fellesutgifter	10 %	35000	3500
Vedlikehald av bygg	15 %	50000	7500
Hamneplanlegging/konsulenttenester	50 %	250000	125000
Konsulent- og juridisk bistand		0	0
Hamnebåt	50 %	10000	5000
Oljevernustyr sjø	100 %	0	0
Bil	15 %	65000	9750
Rekneskap	25 %	150000	37500
Revisjon	25 %	30000	7500
Kalkulatoiske avskrivningar investeringar anløp			741420
<b>Sum utgifter</b>			<b>1312170</b>

#### Vedlegg 4: Kalkyle for berekning av avgiftssats 2020

Det er innmeldt skip med ein bruttotonnasje på nær 10 mill. BT. Av dette er det ein vesentleg del skip som ikkje held miljøkrava. I framlegg til budsjett er dett utrekna til ca. 1 mill. BT. Her er det difor nytta 9 mill. BT for året 2020.

Prisen pr. BT er fast. For 2020 er farvassavgifta sett til kr. 0,02 pr BT. I budsjettet er underskottet utrekna til kr. 1.065.920.

Minstepris farvassavgift kr. 200.

Sjøfly kr.200 pr.landing.

9 mill. BT til ein pris på kr. 0,12 pr. BT desse inntektene:

Avgiftspliktig lokal og lastebåtar	240000
Avgiftsfri lastebåtar	20000
Avgiftsfri cruise 9 mill. BT a kr. 0,12	1080000
<u>Sum inntekter</u>	<u>1340000</u>

Underskotet på farvassavgifta vert for 2020 dekkja inn av vederlag.